

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 4 APRIL 1981 31. årgang



## Vårlengt

*Ein ærleg hug, eit ope sinn*
*å møta dagen med*
*all mismotmakta overvinn.*
*Du får i hjarte fred.*

*Ber du på vinterdagens is*
*du frys i hugen din.*
*Men gjer det helst på vårens vis*
*og smil mot sola fin.*

*Ein lengt mot vårens blomar blå*
*litt snø om mjuke kinn.*
*Det gjer all verdens sorgar små*
*og slepp deg gleda inn.*

*Eit smil, eit vakkert velmeint or'*
*eit nikk, eit muntert vink*
*og trivsel i ditt hjarte bor*
*kvar dag og augneblink.*

*K. R.*

# Jesus er ... Herre

Kanskje vil du som er konfirmant huske denne historien fra konfirmantboka: En prest hadde delt ut testamenter til sine konfirmanter. Mens de satt med de nye testamentene i hendene sine sier presten: — Dere ser jeg har skrevet en liten hilsen inne i dem: Jesus er ... Herre. Men dere ser at jeg har satt et åpent rom mellom de to siste ordene. Der er det plass for det lille, viktige ordet «min». Nå står det åpent. Den dagen du bestemmer deg og vil at Jesus også skal være din Herre. kan du selv føye det inn.

Jesu høyeste ønske er å være din Herre i livet. Han ønsker å lede deg og holde deg fast. Livet kan ofte være vanskelig ikke minst for den som er ung i dag. For at livet ikke skal floke seg til så er det veldig viktig at en har et **fast ankerpunkt.** Noe som en vet holder og noe som en kan orientere seg ut i fra. Dette ankerpunktet vil Jesus være. Hos ham har du trygt feste. Hos ham får du vite hvilken retning du skal ta.

Noen tror at det å gjøre Jesus til Herre det må bety at livet blir kjedelig og trist for da kan en jo ikke gjøre som en vil. — Jeg ønsker å leve mitt eget liv. Jeg vil ikke la andre bestemme over meg —. Slik tenker mange. Men når Jesus vil være Herre i ditt liv så er det ikke fordi han vil gjøre livet trist for deg. Nei, tvert i mot, **han ønsker deg det aller beste.** Med Ham som Herre blir livet ditt slik Gud mente det skulle være og da får du også mest ut av det.

Når Jesus vil ha førerskapet i ditt liv så er det ikke først og fremst fordi han krever noe av deg men **fordi han vil gi deg noe.** Den som er i tjeneste hos en Herre har jo alltid sine rettigheter. Hos Jesus er rettighetene det største. Han gir et godt og rikt liv men først og fremst gir deg rett til å leve i samfunn med Gud. Samfunn med Gud, hva betyr det? Det betyr at du kan si — far — til han som skapte alle planeter og solsystemer og som rager høyt over alle statsmakter. Du får være hans barn og snakke fortrolig med ham. Dette er det største av alle privilegier. Du fikk det i gave den dagen du ble døpt. Du holder vel fast på det?

Torbjørn var en av dem som ikke glemte det lille rommet som konfirmantpresten hadde satt åpent. På konfirmasjonsdagen, etter gudstjenesten, gikk han rett hjem og skrev inn det avgjørende ordet. Det angret han aldri! Hva skriver du?

**Audun Berg Slettahjell**

## SLEKTERS GANG

**Døpte**

ORKDAL:
01.03. Lars Martin Linge
01.03. Mona Haugen
15.03. Marianne Dørdal
Ole Wuttudal
22.03. Arne Velle
Per Arne Stenvik
Marianne Øien
Ann Kristin Joramo
04.04. Gustav Amdal Espenes
05.04. Monika Fuglås

ORKANGER:
01.03. Brynjar Aasen
Vidar Karlsen
29.03. Rakel Strand

ORKLAND:
18.01. Robert Dalen
08.02. May Stine Hammertrø

GEITASTRAND:
01.03. Per Georg Elshaug



**Vigde**

ORKDAL:
20.03. Ole Roald Rønning og
Kari Bjørndal (Vigd sorenskr. Orkdal).
28.03. Sivert Brustad og
Oddny Haugen (Pr.ktr.)

ORKANGER:
28.02. Jermund Sødahl og
Odny A. Dahlø
27.02. Thor Borgan og
Bente Janet Snekkestad (Vigd i Røyken).

ORKLAND:
28.02. Geir Olav Tøndel og
Liv Gunhild Ysland (Vigd i Lensvik)

## Geitastrand menighet

GEITASTRAND menighet hadde ein stor festdag 8.3. Da vart eit nytt orgel vigsla i kyrkja og organist Erling Hoff som hadde hjelpt til med valg av orgel og også med innkjøpet av det — fekk æra av å spela på instrumentet under den første gudstenesta. Orglet er ei gåve frå ein utflytta geitastranding Gunnar Kvernmo. Det er ingen hemmelighet at orglet har kosta 80 000 kr. og det er mange pengar. Gunnar Kvernmo som er skogsarbeider fortel at det er oppsparte pengar gjennom 30 år som no er brukt til orgelkjøp. Han fortel vidare at det var i midten av femtiåra at han bestemte seg for å spare til eit fond for Geitastrand kirke. Når han så seinare fekk høyra at kirka trengte nytt orgel fann han ut at pengane heller fekk gå til innkjøp at et «Allenorgel». Så har han også fått oppleve at ei heil bygd er takknemlige og glade.

———

ELDRES KIRKEDAG i Geitastrand blir søndag 3.5. Da blir det først gudsteneste i kirka kl. 11, deretter kaffesamvær i Ofstad bedehus. Pensjonister og andre er alle velkomne.



**Døde**

ORKDAL:
23.02. Gurina Fossum f. 1897
15.03. Pauline Rigstad Kristiansen f. 1901
19.03. Sivert Gjønnes f. 1920
31.03. Marie Lovise Ødyn f. 1910

ORKANGER:
05.03. Ole Sognli f. 1905
07.03. Terje Wuttudal f. 1937
13.03. Ole Trettøy f. 1905
15.03. Dagny Charlotte Togstad f. 1923
18.03. Lorentz Eigil Andersen f. 1906

ORKLAND:
24.02. Anne E. Svorkmo f. 1896
20.03. Elfrida Skjølberg f. 1911
29.03. Mary Øverby f. 1910

GEITASTRAND:
28.02. Reidar Kvernmo f. 1901
14.03. Olaf Hukkelås f. 1892

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**
**Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.**
Fotograf Kvarsnes
Plater og musikk-kassetter stort utvalg i gitarer.
**Tlf. 80 356 Orkanger**

Kjolen
finner De hos
Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Trelast og bygningsartikler på lager.
Gunstige priser
Orkdal Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Orkanger Gartneri
**Orkedalsvegen 10**
Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348
**Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.**

Svorkmo Prenteverk A/S
**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**
**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør:
Kaare Rogstad
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

## Smått om mangt

**Samemisjonen**
har sitt kretsmøte i Meldal 30. - 31. mai. Det blir også gudsteneste i tre av Orkdalskyrkjene i det høve.

**Sjømannsmisjonen**
vil gjerne ha fleire abbonenter på sitt blad BUD OG HILSEN. I hundre og femten år har dette vært hovedorgan for organisasjonen og den beste informasjonskilde om det arbeid som utføres blandt våre landsmenn ute og heime. Eit årsabbonnement kostar berre kr. 30 og er eit godt tips til presang. Det er ei gåve for heile året. Bladet kan tingast på alle postkontor.

**Norges Kristelige ungdomsforbund**
har vanskar med økonomien og ber kristenfolk om å hjelpa seg i ei vanskeleg tid. Rekneskapet for 1980 vart gjort opp med eit underskott på 900.000 kr. Gåveinntektene må aukast med 40 prosent skal «båten bera». NKUF er Kyrkja sitt ungdomsarbeid og det må vera god investering å hjelpa organisasjonen over ein økonomisk kneik. Gåver kan sendast NKUF postgiro 5 12 38 56 og bankgiro 9012.07.40790 St. Olavs plass, Oslo 1.

**Oase 81**
holdes 14. - 19. juli i Gimlehallen — Kristiansand. Talere blir Håkon E. Andersen, Odd Bondevik, Gunnar Prestegård, Jens-Petter Jørgensen, Kjell-Petter Dahl og Jan Gossner. Det er plass til 4500 mennesker i Gimlehallen så du kan trygt melda deg på. Brosjyre med påmeldingsslipp får du ved å venda deg til Oase 81, Oddernesvn. 43, 4600 Kristiansand.

———

## Orkanger menighet

**Familiesamling**
30.4. kl. 19.00 i Orkanger bedehus. Det er en stund siden vi hadde slike arrangementer nå. Nå vil vi prøve å komme igang igjen. Denne gangen får vi besøk av Nordosletta Familiemusikklag. Vi viser en barnefilm fra Bangla Desh og det blir andakt ved yngresarbeider Kristin Stormo.

**Bibeltime**
14.5. kl. 20.00 hos Ann-Elin og Audun Slettahjell. Bertel Aasen taler om apostelen Paulus.

**17. mai fest**
Også i år blir det fest for hele familien på bedehuset kl. 18.00. Programmet kunngjøres i avisene.

**25.5. kl. 18**
er det vårfest i bedehuset. Det er Orkanger eldre kvinneforening NMS som inviterer. Ragnhild Sødahl og Ottar Hyldmo taler og ektefellene Slettahjell synger.

———

## Orkdal menighet

**20.5. kl. 20**
Bibeltime i Megarden. Bertel Aasen fortel om apostelen Paulus.

**Sommerskole for eldre**
Også i år arrangerer Orkdal prostiråd sommarskole for pensjonistar og andre på Torshus folkehøgskole. Tidspunktet blir 10. - 14. juni. Prisen blir 300 kr. for einslege og 550 for ektefeller. Ifjor var kurset fullteikna. Lat det verta det i år også.

**På prestekontoret, Fannrem,**
er innlevert eitpar «misjonslydband». Dei kan misjonsforeningar få låna berre dei har bandspelar sjølve.

———

## Søvasskjølen Fjellkirke

**har fått sin kirkeforening.**

Vi leser litt fra møteboka:
12. mars 1981.

«I den store gammelkoselige stua på Engan hos Anne og Sigurd Eldevik sitter en flokk på 12 kvinner og synger: «Eg hev ei teneste stor for Gud,»

— I dette tilfelle gjelder tjenesten Fjellkirka vår. Den står nå derute på Kjølen og er allerede tatt i bruk. Livets ord, mat for sjelen, deles ut hver søndag og huset fylles av mennesker som har behov for det.

Men vi mangler utstyr til huset enda. Og det var dette vi skal sørge for. Kalla Skrøvset har gjort utkast til en rye som skal benyttes. Den skal henge over alteret. Vi trenger gardiner og kjøkkenutstyr og mye mer. Til alt trenges penger. Hva gjør så kvinnene da? Kommer sammen og drøfter saken, danner forening. Gir ting til utloddning. Gir i offerskåla. Går på med friskt mot, det har vist seg før at det nytter om en løfter i flokk.

*Søvassli Fjellkirkes kvinneforening* (navnet er langt, men vi fant ikke noe annet som dekket), har sine medlemmer fra hele Orkdal prestegjeld. Av de 12 som var møtt fram på første møte, var nok de fleste fra området Fannrem — Orkanger. 2 fra ytterste grensen mot Ingdalen, og 1 fra øverste del av bygda. Men flere har sagt seg villig til å bli med. Møtene blir en gang i måneden på omgang, med en svært enkel servering.

Disse fikk ansvaret: Agnes Singstad, formann, Marry Heggset, nestformann, Inger Lill Gjønnes, kasserer, Agnes Loe Dalen, sekretær.

Ta kontakt med en av disse om du vil være med i arbeidslaget. Du er velkommen.

— Vi har ei teneste stor for Gud. —

*Sekretæren*

———

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**
**postgiro 3675436 GJØLME.**
**EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.**

# KONFIRMANTER 1981

## ORKANGER 3.5.

1. parti kl. 10.00

GUTTER:
Gaute Berg
Håkon Ebbesen
Terje Ebbesen
John-Gunnar Elshaug
Ketil Enoksen
Ola Håvard Fagerholt
Bjørn Petter Hernes
Bent Hestad
Roar Holden
Bjørn Olav Husby
Dag Johansen
Tore Larsen
Hermann Lund
Morten Martinsen

JENTER:
Vigdis Andaas
Merete Berg
Berit Blåsmo
Lene Brekken
Anne Karin Ebbesen
Marit Johanne Gangaas
Tone Synnøve Gangaas
Berit Halsen
Wenche Merete Helbæk
Elisabeth Hidle
Unn Knudsen
Randi Margrete Kristiansen
Aase Ulrikke Larsen
Anne Løkstad
Veslemøy Merete Storstein

2. parti kl. 12.00

GUTTER:
Bjørn Meland
Rune Monseth
Ivar Endride Munkli
Knut Inge Olsen
Tor Arne Opphaug
Per Arnfinn Selvnes
Jan Atle Skinstad
Bård Reidar Skjølberg
Arild Solberg
Øyvind Togstad
John Olav Vaatland
Jan Arne Øberg

JENTER:
Solveig Jensen
Bodil Misiewicz
Karen Marie Monsen
Mary Ann Nilsskog
Bente Nærvik
Marianne Olstad
Tove Johanne Opphaug
Hege Opøien
Bente Irene Skogås
Eva Sletvold
Kristin Sollie
Gerd Synnøve Stølhaug
Karen Mari Ustad
Nelly Ødegård
Anne Britt Øien
Siv Aannerud
Inger Marie Aasgård

## ORKDAL 10.5.

GUTTER:
Nils Erik Almli
Arild Bye
Hans Erik Elven
Atle Fagerholt
Erik Flåskog
Stig Gjønnes
Helge Grø
Oddbjørn Grøseth
Dag Halgunset
Svein Anton Hansen
Lars Petter Hegle
Knut Kirkaune
Per Helge Kosberggrind
Ståle Kvernrød
Jo Magne Kvåle
Geir Lian
Dag Arne Lomundal
Svein Arild Melgård
Roar Melaas
Per Nilssen
Øyvind Næss
Arne Morten Oddli
Frode Rønnes
Stig Rønning
Rune Skogli
Svein Gunnar Slørdahl
Jan Arild Solberg
Anders Steinshaug
Torkil Steinshaug
Gjermund Teigen Stokkli
Jan Arve Stølhaug
Arne Sundli
Gaute Svorkås
Leif Jomar Svorkås
Jon Sverre Løvås

JENTER:
Marte Almli
Merete Almli
Astrid Andersen
Astrid Andøl
Ann Kristin Aunemo
June Berg
Astrid Bjørnbet
Randi Birgitte Blåsberg
Irene Bye
Britt Laila Djupdal
Eva Oddveig Erlandsen
Unni Espen
Heidi Evjen
Bjørg Ingvild Fandrem
Liv Gisvoldløkk
Irene Gjertsen
Wenche Graff
Bente Johanne Grønvoll
Liv Inger Gumdal
Marit Haugen
Britt Jorid Holm
Guri Kjærem
Anne Margrethe Lie
Lene Melby
Astrid Metlid
Hilde Metlie
Anne Mælen
Marit Olea Nesset
Kari Opøien
Frøydis Rikardsen
Eva Rindal
Ruth Kari Sandstad
Bente Skjenald
Jorunn Sletvold
Berit Solem
Bente Syrstadeng
Tove Stendahl
Mari Anne Søvassli
Guri Anne Ustad
Elin Viken
Gunn Johanne Vuttudal

## GEITASTRAND 24.5.

GUTTER:
Arvid Husdal jr.
Per Arne Kjøren
Elling Magne Ofstad
Anders Nikolai Nilsen
Anders Rian

JENTER:
Kari Bonvik
Ingrid Elshaug
Grete Harrang
Edel Husdal
Gunhild Ingeborg Husdal
Ragnhild Kvernmo
Tone Solbakken

## MOE 24.5.

GUTTER:
Stig Rune Blåsberg
Morten Bye
Eivind Bonde
Morten Ingebrigtsen
Sturla Kvarme
Ivar Kvåle
Tormod Midtlyng
Arnt Håvard Mo
Sivert Rye
Jostein Solbu
Terje Svegård
Roar Hallset

JENTER:
Ruth Helene Bonde
Tove Grønningen
Laila Helene Jensen
Heidi Johanne Knudsen
Mette Beate Lilleås
Anne Karen Løkken
Tina Staveli
Bente Svorkmo
Ingunn Thuseth

### KORLEIS

**skal ein ungdom halda sin sti rein? Når han held seg til dine ord.**

Davids salme 119,9



# 13. P. Asphjell fortel frå krigstida

I ARBEIDSLEIR

Frå fengslet i Bochum vart me ført til ein fangeleir i Dahlhausen, ein liten jernbaneby attmed Ruhrelva ikkje langt frå Essen. Her skulle me halde til i ei mursteinsbrakke som låg i utkanten av stasjonsområdet. Det var eit langt, einhøgdes hus med piggtrådgjerde rundt. På langveggene var det vindauge med jarngitter for. I den enden der inngange var, var huset oppdelt i fleire rom. Det var eit lite vaktrom. Så var det vaskerom og «Lokus», WC for fangane. Mot tverrveggen var det eit smalt rom som dei nytta til sjukerom.

Storparten av huset var sovesal. Her var det fleire rader med brisker i to høgder. Millom vindauga på langveggene var det rekker av skap der me hadde kvart vårt rom til å gøyma matskål, hand-duk, såpe, barberstell o.a. På ein firkant framfor vaktrommet var det ikkje senger, men her sto fleire langbord med benker attmed. Det var matsalen.. I brakka var det to store rundomnar til å fyre i, om det vart kaldt i veret. Det var landleg og triveleg her, — fredeleg óg, for her såg me lite spor etter krigen.

TIDA GÅR.

Brevsambandet med dei heime vart tilfredsstillande her i Dahlhausen og. Midt i all uro var det styrke og trøst i vissa om at dei hadde det fredeleg og taygt millom slekt og vener heime i Orkdalen. Eg hadde, Gud skje lov, berre meg sjøl å ta vare på i denne heksegryta. Det fekk stå i Herrens hand korleis det skulle gå frå dag til dag. Dagane gjekk og vart til ei veke, vekene vart til ein månad, og så var det ein mindre att av dei femten. Siste halvdelen av juni var heller sur. Det regna mykje, og temperaturen var ikkje serleg høg. Eg hadde tenkt meg sommaren her lenger og varmare enn heime i Norge, men det slo ikkje til. Eg sakna sårt den lyse sommarnatta. I juli vart det sommar med sol og varme, og me fekk mange fine dagar på utearbeid. Det var ikkje berre millom ruinar me arbeidde. Me vart og sende ut på landsbygda. Der kunne det vera ope, fritt terreng med vide marker og skoghaugar. Ein gong arbeidde me attmed ein pen, skogkledd kyrkjegard. Borte millom trea såg me svartkledde folk samla kring ei grav. Det var ikkje mykje me såg av slikt, men eg kan tenkje meg at det var mange krigsoffer å gravleggja på ein slik stad. På same staden var det óg ei skogkledd li tett ved banen. Det var lauvskog og busker med grasbakkar i millom. Ein dag midt i arbeidstida gjekke det flyalarm. I all hast vart me sende i dekning inn millom trea. Me sprang enkeltvis eller eit par i lag millom treleggene og gjømte oss. Da fann eg meg med eitt heilt åleine. Vakter var ikkje å sjå. Det var som det skreik i meg: «Du er fri». Atter kjente eg denne ville trongen til å røma for godt. Nyttelaust, sjølsagt, midt i fiendland, men berre tanken på at høvet var der, ga meg ein liten «fridomsrus.»

Somme dagar hadde me også vedlikehaldsarbeid på jarnvegstomta i Dahlhausen, der leiren var. Sjøl om Dahlhausen var ein stasjon med så mange spor og vekslar at eg knapt har sett maken her til lands, var det etter tysk mål ein liten stasjon. Såleis hadde det ikkje vore bombing her til den tid. Alt var heilt og pent med plener og plantingar på området. I eine enden av tomta låg fangebrakka beint over for stasjonsbygninga. I andre enden var det ein reparasjonsverkstad for lokomotiv og vognmateriell. På nokre avsides spor var det sett tilside ymse skadde og avdanka vogner. Ein dag strauk det brått to engelske jagarfly tett over oss. Da laut me gøyme oss under nokre av desse vognene. Flya var ikkje farlege for oss. Dei løyste ikkje skot, men luftvernet i nærleiken spela opp så det kvein. Ein liten støkk, men óg ein kveik.

Eit lite stykke lenger oppe ved elva låg ein annan mindre stasjonsby, Hattingen. Her var me ofte på liknande arbeid. Dette var óg ein triveleg stad. og heilt uskadd enno. I ein villa ikkje langt frå stasjonen budde arbeidsleiaren vår, rottenführer Korn. Han dreiv oss ikkje så hardt i godversdagane, og me kunne sume gonger få ta oss ein stutt kvil på ein grasbakke i skråningen. På varme dagar ranga me av oss skjorta og gjekk med naken overkropp. Me vart friske og brune i sommarsola, men kvar mann var svært mager og seneberr. Vart me ikkje for ofte uroa av flyalarm, hadde me det triveleg på slike plassar. I det store og heile var ikkje tempoet skremande, men me måtte ikkje stoppe opp utan grunn. Det var å drive på og rote med hakke eller spade, anten det vart noko eller inkje av det.

Ein kunne sjå mange døme på at skandinavar var meir humant handsama enn europear. Det vart ikkje bruka beinveges tvang, eller lagt hand på oss. Derimot kunne ein bli vitne til at ein polakk eller ukrainer vart slegen over baken med ein fjølende eller liknande.

Sidan svolten alltid gnog, var det rimeleg me var mykje opptekne av tanken på mat. Det hende me fann eit kjernehus av eit eple, eller ei halvete pære som var kasta på gate eller veg. Slikt plukka me opp. Baud det seg eit høve til å vaske det, var det

Orkel — et kvalitetsprodukt
Maskiner og redskaper for landbruket

JOH. GJØNNES A/S
MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI
7320 Fannrem - Tlf. 82 375

fint, men ofte åt me det som det var. Det hende også at ei godhjarta sjel gav oss eit eple e.l. Ei natt vart me kalla ut på arbeid. Det var ein skinnegang i nærleiken som hadde vorte skadd, og det var om å gjera å få toga i gang att snarast råd. Me var utlånt til ein annan Rottenführer som slett ikkje var serleg godt likt millom fangane. Me gjekk til fots heimatt på morgonkvisten, og vegen gjekk forbi heimen hans. Han hadde ein frukthage med mange store pæretre. Framfor hagegrinda fekk me ordre om stans, og sanneleg stakk han ikkje inn og henta ei pære åt kvar av oss. Dette var reint uventa av denne mannen, og den vesle gåva smaka godt på meir enn ein måte. Truleg hadde me gjort godt og verdfullt arbeid den natta.

Dei hadde ei ordning som skulle tene til å skjerpe arbeidshugen vår. Kvar laurdag fekk me ti sigarettar, dersom me hadde vore dyktige. Var det nokon som var ulydige eller late, vart det slege av på kvoten, eller dei kunne missa alle sigarettane. Dette systemet hjelpte mykje på arbeidsviljen og disiplinen. Det var ikkje alle som røykte. For meg kosta det ingen ting å legge av tobakken den tid eg var fange. Men ingen sa nei takk, om ein ikkje trong varen sjøl. Her var tobak «hard valuta». Slikt kunne lett gjerast om til brød.

*Framhald.*

## Orkland menighet

### Bibeltime

Onsdag 6. mai kl. 20.00 bibeltime på Svorkmo Misjonshus ved Bertel Aasen. Det blir innføring i personlegdomen Paulus.

### Røddemøte

Mandag 11. mai kl. 20.00 blir det Røddemøte hos John Haugen.

### Konfirmantforeldresamling

på Svorkmo Misjonshus tirsdag 12. mai. Kl. 20.00 samlast alle konfirmantforeldre til orientering om konfirmasjonsdagen og alt omkring konfirmasjonen. Det blir også vist ein film. Enkel bevertning.

### Speiderårsmøte

Tirsdag 5. mai blir det speiderårsmøte på Svorkmo Misjonshus kl. 20.00. Alle foreldre bes møte.

### Eldretreff

Torsdag 14. mai kl. 11.00 blir det igjen eldretreff på Svorkmo Misjonshus. Bertel Aasen vil fortelle fra tida på Modum Bad. Det vert sang.

Og *N.B.* Det blir påmelding til eldreturen i slutten av mai. Som vanleg buss fra Hoston kl. 10.00 om Monset.

### 17. mai-fest

Som vanleg vil det om kvelden 17. mai bli arrangert fest på Svorkmo Misjonshus. Nærmare program vil bli gjort kjent seinare. Arrangør: Svorkmo I.U.F.

### Konfirmantfest

Tirsdag 19. mai vert det fest for konfirmantar og foreldre på Svorkmo Misjonshus like etter samtalegudstenesta i kyrkja. Her vert det bevertning og ein del program i skjemt og alvor. Arrangør: Svorkmo I.U.F.

### Kirkens Nødhjelp

Fastebøssene kan leverast i kyrkja 3. mai på kveldsgudstenesta. Den kvelden blir det også offer til Kirkens Nødhjelp.

### HELGAVAKT

**2. - 3. mai Slettahjell tlf. 80589**
**9. - 10. mai Rogstad tlf. 82142**
**16. - 17. mai Aasen tlf. 84188**
**23. - 24. mai Slettahjell tlf. 80589**

SKOTØY
for hele familien.
Ingv. Solbu eftf.
Orkedalsveien 71
7300 Orkanger

Orkanger Ur og Optikk
Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed
John Røhme
7300 Orkanger

Bestill time for fotografering.
Fotograf J. Sødahl
Tlf. 80259
Orkanger

ORKLA SAMVIRKELAG
Domus, dagligvareavd.
Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

Helårs-trim
A. Todal's Eftf.
Tlf. 80 278
Orkanger.



# Orkdal menighetsblad

Vedlagt følgjer eit utdrag av rekneskapen for Orkdal Menighetsblad for 1980.

Som det går fram av rekneskapsutdraget, kom det i fjor inn *kr. 52545,-* som gåver til bladet. Dette beløpet var fordelt på 1671 innbetalingar. Det er ca. 4200 som får bladet tilsendt, dvs. berre ca. 40 prosent av desse har betalt. Om vi går ut frå at bladet også i år skal koma med 10 nr., og at 8 av desse er på 8 sider, eitt på 12 og julenummeret på 20 sider, så vil prentinga av bladet med dei prisane som Prenteverket no har, verta *ca. kr. 53200,—*. Etter oppgangen i bladportoen som vi no får, vert bladportoen for bladet i år *ca. kr. 13700,—*. I tillegg til desse utgiftene vil det gå med noko pengar til ymse andre ting (administrasjonsutgifter). Set vi desse utgiftene til *kr. 2100,—*, så vert utgiftene i alt *kr. 69000,—*. Reknar vi at ca. *kr. 7000,—* av desse utgiftene vert dekte ved annonseinntekter, så vert det att *kr. 6200,—* som må verta dekte med gåver. I dette budsjettoverslaget har eg ikkje rekna med renteinntekter, for dei er nokså uvisse og vil neppe spela nokon nemneverdig rolle i denne samanhengen.

Som det går fram av dette, må vi få inn *ca. kr. 10000,—* meir i gåver i år enn i fjor om vi skal få endane til å møtast, som det heiter. I dette nr. av bladet for i år vert det lagt inn postgiro-innbetalingskort for gåver til bladet. Vi ventar sjølvsagt ikkje at dei som har sendt gåver til bladet etter at vi la inn postgiro-innbetalingskort i nr. 8 av bladet for i fjor, betaler no att, men vi vonar at dette postgiroinnbetalingskortet kan verta ei påminning til dei som enno ikkje har sendt gåver til drifta av bladet i 1981.

Helsing

*Einar Garberg*

## UTDRAG AV REGNSKAPET FOR ORKDAL MENIGHETSBLAD for regnskapsåret 1980.

| | | | |
|---|---|---|---|
| a. INNTEKTER: | | b. UTGIFTER: | |
| 1. Gaver til bladet | 52545,00 | 1. Trykkingsutgifter | 48789,20 |
| 2. Annonseinntekter | 7295,00 | 2. Bladporto | 11857,65 |
| 3. Renteinntekter | 1869,67 | 3. Administrasjonsutgifter | 1250,55 |
| *Driftsunderskott* | 346,23 | 4. Div. utgifter | 158,50 |
| | 62055,90 | | 62055,90 |

*Status pr. 1. januar 1980*

| | | | |
|---|---|---|---|
| A. AKTIVA: | | B. PASSIVA: | |
| 1. Aksjer i Sv.pr. A.s | 10000,— | 1. Gjeld | 1525,50 |
| 2. Diverse krav | 31906,86 | 2. Nettoformue (egenkapital) | 43685,21 |
| 3. Postgirokonto nr. 3 26 87 29 | 2684,70 | | |
| 4. Kontanter | 619,15 | | |
| | 45210,71 | | 45210,71 |

*Status pr. 31. desember 1980.*

| | | | |
|---|---|---|---|
| A. AKTIVA: | | B. PASSIVA: | |
| 1. Aksjer i Sv.pr. A.s | 10000,00 | 1. Gjeld | 239,50 |
| 2. Diverse krav | 29705,03 | 2. Nettoformue (egenkap.) | 43338,98 |
| 3. Postgirokonto | 2988,85 | | |
| 4. Kontanter | 884,60 | | |
| | 43578,48 | | 43578,48 |

*Kapitalkonto*

| 1980 | Debet | Kredit |
|---|---|---|
| Nettoformue pr. 1. januar | | 43685,21 |
| Nettoformue pr. 31. desember | 43338,98 | |
| Driftsunderskott | 346,23 | |
| | 43685,21 | 43685,21 |

7320 Fannrem den 24. jan. 1981

*Einar Garberg, kasserer*

*Ivar K. Gangås, Egil Singstad, rev.*

## Gåver til bladet

7300 ORKANGER:
Ingeborg Rømme 50. A. Wikdahl 20. E. Sivertsvik 30. Ingeborg Knutsen 20. Liv og Einar Solstad 50. R. Hovsbakken 30.

7310 GJØLME:
Dorthea Andersen 30. Else Vatslag 25. Edv. Almli 30.

7320 FANNREM:
Nikolai Almli 50. Johanna Sommervold 20. Anne Troms---? 50. Edv. Blomli 30. Birger Barø 20. D. og O. Viggen 30. Bergljot Kvåle 20. Anna Bakkmo 20. Martin Sommervold 30. Anna Steinshaug 50. L. Eriksen 50. Berit P. Kvaale 50. M. og Sig. Ødyn 30. H. Gjengst. 20. Leif M. Dørdal 25. Anders Fagerholt 50. L. Gangås 30. Grete Lomundal 30. Johan A. Johansen 20. Ivar O. Ljøkjel 30.

7330 SVORKMO:
Marit Sæter 20. Tron Berbu 20. Sverre Lystad 25. R. og B. Sandstad 30.

7334 HOSTON:
Gudrun og John Øyasæter 30. Marit Dragseth 25.

7374 GEITASTRAND:
Ole E. Isdal 40. Kristian Isdal 30. Randi og Johan Kvernmo 30. Marit Myren Halsen 40.

UTENBYGDS:
Jarl Kirkaune, Oslo 50. Borgny og H. Helseth, Steinsgrenda 40. Jenny Fuglerud, Sylling 20. Johanna Vilvang, Elvarli 15. Trygve Aune, Viggja 25. L. B. Aasen, Malmefjorden 15. Antonie Kolshaug, Verdal 25. Anne Løvås Heimdal 30. Gunnar Eikli, Hamar 20. Tora Arntzen, Tr.heim 50. Hønnåshagen, Trondheim 20. Kongsgaard, Gjettum, 50.

Gaver til bladet i februar i alt: *kr. 1590,—* fordelt på 51 innbetalinger.

*Hjertelig takk.*

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*28.4. tirsdag*

— Orkanger k. kl. 19. Kveldsmesse v. kallskap. Slettahjell. Samtale med konfirmantene.

*1.5. Arbeidets dag*

— Orkdal k. kl. 11. Familiegudst. v. Petter Hovin og prost Rogstad. Offer til Kristne arbeideres forb.

*3.5. 2. s. e. påske*

— Orkanger k. kl. 10 og kl. 12. Høgmesse v. kallskap. Slettahjell. Konfirmasjon. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Eldres Kirkedag. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

— Moe k. kl. 20. Kveldsmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

*7.5. torsdag*

— Orkdal k. kl. 20. Kveldsmesse ved alle tre prestane. Samtale med konfirmantane.

*10.5. 3. s. e. påske*

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved alle tre prestane. Konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet.

*17.5. Grunnlovsdag*

— Orkdal k. kl. 11. Familiegudst ved prost Rogstad. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.

— Moe k. kl. 11. Familiegudst. v. res. kap. Aasen. Offer til menighetens barne- og ungdomsarbeid.

— Orkanger k. kl. 12.30. Familiegudst. ved kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetens barne- og ungdomsarbeid.

*19.5. tirsdag*

— Moe k. kl. 19. Kveldsmesse v. res. kap. Aasen. Samtale m. konfirmantene.

— Geitastrand k. kl. 19. Kveldsmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Samtale med konfirmantene.

*24.5. 5. s. e. påske*

— Moe k. kl. 11. Høgmesse ved. res. kap. Aasen. Konfirmasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

*28.5. Kristi Himmelfartsdag*

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Offer til Bibelselskapet.

— Orkanger kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Eldres kyrkjedag. Offer til nytt menighetshus.

— Moe k. kl. 11. Familiegudst. v. res. kap. Aasen. Offer.

*31.5. 6. s. e. påske*

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved kretssekr. Vesterfjell og prost Rogstad. Offer til Samemisjonen.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved Jon Amundal og kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til samemisjonen.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. Oddvar Buseth og res. kap. Aasen. Offer til samemisjonen.

*7.6. Pinsedag*

— Orkdal k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved kalls. kap. Slettahjell. Offer til menighetsarbeidet.

— Orkanger k. kl. 11. Høgtidsgudst. v. res.kap. Aasen. Offer til sjømannsmisjonen.

— Moe k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

— Geitastrand k. kl. 15. Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Sjømannsmisjonen.

## KA-TURNÉ

Kristenartianerne (KA'n) i Tr.lag har i år valgt å samle inn penger til et evangeliseringsprosjekt i drabantbyen Kawanishi, Japan. Prosjektet drives av NMS. I fjor skaffet KA'n i Kristiansand midler til tomta for evangeliseringsprosjektet i Kawanishi. Vi vil altså videreføre dette arbeidet ved å skaffe penger til å sette igang bygging av kirke og prestebolig på denne tomta. Til dette har KA'n i Tr.lag satt som mål å samle inn kr. 150.000.

Orkdals KA'n vil ta sin tørn, og like etter pinse drar vi ut på turne. Vi vil drive avissalg, besøke skoler og aldersog sykeheimer. Om kveldene innbyr vi til møte i kirke eller bedehus.

Håper dere vil være med å be for oss og for arbeidet, og at dere vil støtte opp om prosjektet med pengegaver.

REISERUTE:

Mandag 8. juni: Børsa
Tirsdag 9. juni: Lensvik
Onsdag 10. juni: Krokstadøra
Torsdag 11. juni: Rennebu
Fredag 12. juni: Meldal
Lørdag 13. juni: Svorkmo
Søndag 14. juni: Fannrem

*Kristenartianerne i Orkdal*

## GARDTALES I ORKDAL

Første opplaget på 1450 bokverk er no gått ut, og andre opplaget på 400 (altså 800 bøker) er under prenting, og kjem straks ut. Da Orkdal kommune har teke over utgiftene av dette opplaget, vert bokverket i salg der. Ein vender seg til sekretæren i Kulturstyret, Grevskott, men skrivarane har og boka i salg som før. Pris som før kr. 200. Når dette opplaget er seld ut, vert det ikkje prenta fleire. Ein gjer og merksam på at det enno kan leverast: Orkdalsbøkene, Orkangerboka og Geitastrandboka. Her vender ein seg direkte til Kultursekretæren i Orkdal.

**ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo
M. A. Staveli, 7334 Hoston

**ORKANGER MINNEFOND**

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:
Gunerius Kjøren

Sendt av:

ADR.:

KRONER ØRE

Vedlegg til
Orkdal menighetsblad
Nr. 4 — 1981
Gåver og kontingent 1981.

POSTGIROKONTO
3 26 87 29

Bl. 560 DATOSTEMPEL

# POSTGIRO-INNBETALINGSKORT

Sendt av:

ADR.:

FRIMERKE

KRONER ØRE

TIL

ORKDAL MENIGHETSBLAD

ADR.:

7320 Fannrem

POSTGIROKONTO
3 26 87 29

INNBETALINGSNUMMER

DATOSTEMPEL

KVITTERING

DATOSTEMPEL

KRONER ØRE

er innbetalt til

Orkdal Menighetsblad

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO
3 26 87 29

Ved reklamasjon må De vise kvittering

INNBETALINGSNUMMER

ØRE
PORTO

SIGNATUR